

IL Kvernbit

v/leiar ro og seglgruppe

Atle Bergseth

postmottak@meland.kommune.no

postmottak@lindas.kommune.no

postmottak@radoy.kommune.no

Innspel til rullering av idrettsplanar og utarbeiding av anleggsstrategi

Delar av norsk idrettsliv er på veg inn, innandørs i haller treningsstudio etc. Utanfor har vi verdas flottaste naturgitte føresetnader for aktiv idrett og friluftsliv. Anleggsstrategi for idrett i Alver bør styra i retning av langt meir aktivitet knytt til sjø og vatn, skog og mark. Vi har eit kyst og fjordlandskap som skapt for roing, segling og padling og skog og mark som er glimrande for orientering. Delar av anlegget, sjølve naturen ligg der, klar til bruk, men det trengs ein del investeringar, tilrettelegging samt pengar til innkjøp av materiell og utstyr for å få i gang langt meir aktivitet og idrett knytt til naturen.

Idrettslaget IL Kvernbit oppretta i 2018 eigen gruppe for roing og segling. Gruppa skal m.a. ha bruk av tradisjonsbåtar, t.d Oselvar og Nordhordlandsbåtar (Midt-Vestlandsbåtar) som satsingsområde i tillegg til nyare turroingsrobåtar og nokre regattabåtar til trening.

Gruppa har engasjert seg for å få til anlegg for roing og padling to stader i Meland kommune; I ferskvatn, på Vikebø ved Rossland skule i nordenden av Rylandsvatnet og i saltvatn, i sjø i Skitnedalsvika i Flatøyosen.

Anlegg ved Rylandsvatnet.

Fyrste del, kommunale del av anlegget, er delvis fullført med midlar frå Meland kommune og statlege spelemidlar; parkeringsplass, veg ned til vatnet og ei flytebrygge. Det som gjenstår er langnaust til robåtar, kajakker og kanoar og større flytebryggje med universell utforming og mulighet for utsetting og ombordstigning i lange robåtar og 4-er kajakker. Anlegget vil få stor betydning for rointeresserte og flatvannspadling i Alver kommune, for Rossland kombinerte barne og ungdomsskule, ro og seglgruppa i IL Kvernbit og alle andre ro og padleinteresserte som vil ferdast på og langs Rylandsvatnet. Det vil vera forhaldsvis rimeleg å fullføre sidan grunnleggjande logistikk er på plass. For fullføring med 2-3 langnaust og større flytebrygge bør det avsetjast 500 000 - 1 mill. kr. ved rullering av idrettsplanen.

Anlegg ved Flatøyosen

Meland kommune har signalisert at dei ynskjer å få etablert sjøsportsenter for umotorisert ferdsel i Skitnedalsvika. Planane kan utformast og tilpassast den store utbygging med bustadfelt, barnehage etc som er under planlegging i området.

Flatøyosen har svært strategisk beliggenhet med tanke på omfattende bruk. Ein svært viktig og stor investering er allereide gjort ved utbygging av stort parkeringsanlegg langs riksvegen over Flatøy. Det som trengs for å kunne starte opp med bygging av sjøsportsenter i Skitnedalsvika er veg ned til sjøen, brygge, molo og naust til robåtar, kanoar, kajakker og utandørs lagringsplass for segljoller.

Ro og seglgruppa har begynt samarbeid med Nordhordland seilforening som ynskjer å få i gang jollesegling. Seilforeningen utarbeidde allereide på 1990 talet eit «tilsvarande anlegg, og i Skitnedalsvika med tanke på jollesegling. Arbeidet med bygging av anlegget blei av ulike grunnar ikkje sett i gang.

Ro og seglgruppa har bestilt to nybygde Oselvar seksæringar som vil vera klar til bruk neste vår. Allereide no i mai og juni i år 2019 skal vi ha uteskuleopplegg med innleigde båtar. Tre skular med til saman over 100 elevar har til no meldt seg på arrangement med uteskule på Flatøyosen og Håøy.

Alle skulane i Knarvik og på Frekhaug, Grasdal skule og Alversund skule har gitt tilbake-melding om at dei ynskjer etablering av fast uteskuleopplegg knytt til Flatøyosen og Håøy. Ro og seglgruppa har sendt invitasjon til Meland kommune og Alver kommune at vi ynskjer å få etablert Natur og kulturskule med hovudbase Flatøyosen og Håøy, enten som kommunal skule eller som eigen stifting med fast kommunal stønad. Vi har hatt møte om dette der leiar for Hamar Naturskule fortalte om den kommunale naturskulen ved Mjøsa.

BOF, Bergen og omland Friluftsråd, jobbar med istandsetting av Kommandantboligen på Håøy og ynskjer at Meland kommune er med på restfinansiering av vassleidning til øya.

For å få fortgang i arbeidet har ro og seglgruppa fått utarbeid idéskisse til utforming av sjøsportanlegg i Skitnedalsvika. I planarbeidet med bustadfelt m.m bør det takast spesielt omsyn til sjøsportsentert. Botnforhald, vind etc er særdeles viktig ved plassering av naust, bryggjer, molo etc. når ein ein skal ut og inn med segljoller utan motor. Før utarbeidning av skisse/ teikningar er det gjort fleire synfaringar med erfarte sjøfolk og seclarar.

Sjå kommentar i vedlegget Kommentar til teikningar.

Anleggskostnader er ikkje utarbeid, men om ein samanliknar kostnader til bygging av idrettshall eller kunstgrasbaner vil dette bli svært rimeleg anlegg. Etablering sjøsportsanlegg bør også sjåast i samanheng med Nordhordland Biosfæreområde. Vi har hatt møte med leiinga der og fått svært positiv tilbakemelding at dette er dei interesserte i.

Denne saka, etablering av sjøsportsenter i Skitnedalsvika er svært viktig å få med ved rullering av anleggsplan for idrett. (Sjå og fleire vedlegg)

Mvh

IL Kvernbit Ro og seglgruppe

Atle Bergseth

